

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Maud Sleire Holmaas	TI - &29	14/1003

Saknr	Utval	Type	Dato
040/2014	Kommunestyret	PS	18.09.2014

Interpellasjon

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rådmannen vil svara på interpellasjonen i møte

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Praktisering av møteregler i Masfjorden kommune.

KS har utarbeidd ei «Håndbok i møteskikk, møteledelse og voringsteknikk». Denne handboka gjev kommunar, fylkeskommunar og andre offentlige instanser ei rettleiing i korleis møter bør førebuast og ikkje minst gjennomførast.

Masfjorden FrP meiner at denne handboka stundom ikke vert etterlevd i møter i regi av Masfjorden kommune. Masfjorden FrP ber om at kommunestyret og administrasjonen blir gjort kjent med innholdet i handboka og etterlever dette på ein betre måte enn kva praksisen er pr i dag. Masfjorden FrP vil særskilt dra fram side 4 i handboka som særskilt viktig.

Masfjorden FrP ber spesielt om at punktet vedr utsending av innkalling til møtet, oppfølging av kven som skal være møtedeltakerene og at saker som ikkje er innmeldt ikkje skal koma «på bordet» i møter. Alt dette står tydelig skildra i Håndboka til KS.

For styret i Masfjorden FrP.

Willy Borge og Jostein Duesund

Kommunestyret - 040/2014

KS - behandling:

Ordfører og rådmann svare på interpellasjonen.

KS - vedtak:

Praktisering av møteregler i Masfjorden kommune.

Først og fremst samd i at KS hefte, møte er satt, «handbok i møteskikk, møteleiing og vøteringsteknikk» tek for seg viktige og sentrale forhold for å sikre møtegjennomføring med god kvalitet og nivå, og kor vi prøver etter beste evne å følgje opp dei råd og rettleiing som vert gitt i høve til korleis vi førebur, gjennomfører og følgjer opp møter. Denne rettleiaren er eit sentralt utgangspunkt for eige reglement som ein har utarbeidd i kommunen, reglement for Masfjorden kommunestyre, sist handsama og vedteke i Kommunestyret 31.05.2012 – Kommunestyresak 43/12, dvs. i denne valperioden.

I den seinare tid (2014) har vi hatt ein del tekniske utfordringar i samband med overgang til nytt felles kontorstøtte-/sakssystem i regionen, og kor møtemodulen har vore spesielt utfordrande, samt overgang frå papir til nettbasert møteinnkalling.

Vi skal følgje opp oppmodinga frå Masfjorden FrP om at Kommunestyret og administrasjonen blir gjort kjent med innhaldet i handboka.

Svar på dei konkrete forholda som vert trekt fram

1. utsending av innkalling til møtet,
2. oppfølging av kven som skal vere møtedeltakarar
3. og at saker som ikkje er innmeldt ikkje skal koma «på bordet» i møter.

Pkt. 1 vert følgt opp ved at vi skjerpar inn fristar for ferdigstilling av saker, og at ein konsekvent sender ut møteinnkalling og saker i tråd med § 3 i eige reglement, dvs. minst 1 veke før møte, og at saker som ikkje er klare innan interne fristar vert overført til neste møte.

Pkt. 2., usikker på kva ein siktar til her og treng ytterlegare konkretisering, og skal normalt ikkje vere ei problemstilling

Pkt. 3. – heilt samd, strider mot eige reglement og KS handbok, men gitt opning jf. § 10, 2.ledd i eige reglement.

Avslutningvis vil ein påpeike at det er eit felles ansvar å sikre at eige reglement og at møter vert gjennomført på ein god måte i tråd med tilrådingar i høve til møteskikk, møteleiing og vøteringsteknikk i KS hefte, møte er satt.

Masfjordnes 18.09.2014, Svein Helge Hofslundsengen (s)